

Viktige datoar

Folkemøte

21. april 2016 kl 19:00

Høring etter kunnngjering

21. april - 8. mai 2016

Innbyggjarundersøking

25. april - 8. mai 2016

Førehandsrøysting

2. mai - 13. mai 2016
på Skodje rådhus.

Opningstid for førehandsrøysting er:

måndag, tysdag, torsdag og fredag: 9.00 – 14.00

onsdag: 10.00 – 14.00

Torsdag 12. mai er opningstida for førehandsrøysting 9.00 – 19.00

Rådgvende folkerøysting

Torsdag 19. mai 2016

Røystestadar og tider på røystedagen:

Brusdal skule
15.00 – 20.00

Engesetdal misjonshus
15.00 – 20.00

Glomset bedehus
15.00 – 20.00

Skodje rådhus
09.00 – 20.00

Stette skule
15.00 – 20.00

Valle skule
12.00 – 20.00

Utvikbygda grendahus
15.00 – 20.00

Kva skjer vidare med høyringsinnspela?

Alle innspela frå høring etter kunnngjering, samt resultatata frå folkerøystinga og innbyggjarundersøkinga vil vere viktige faktorar i saka som leier fram til endeleg kommunestyrevedtak 22. juni 2016.

Kommunereform

Kvifor ei kommunereform?

Stortinget har bede kommunane greie ut og vurdere korleis ein best kan utøve mynde, ivareta demokratiet, levere tenester og drive god samfunnsutvikling innan avgrensa økonomiske rammer i framtida.

Kommunane har difor signert ein intensjonsavtale om å etablere ein felles kommune som kan møte desse utfordringane.

Kva er ein intensjonsavtale?

Ein intensjonsavtale er resultatet av forhandlingar mellom kommunane som saman ønskjer å byggje opp ei ny kommune. Avtalen er ikkje juridisk bindande, den syner kva for prinsipp ein ønskjer å leggje til grunn for arbeidet fram mot den nye kommunen. Nokre av kommunane har inngått fleire intensjonsavtaler. Ei fellesnemnd med representantar frå dei deltakande kommunane skal med utgangspunkt i intensjonsavtalen ha ansvar for å styre prosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til ny kommune vert sett i verk 1. januar 2020.

Før kommunestyret gjer endeleg vedtak i juni, skal innbyggjarane få uttale seg om intensjonsavtalen.

Høyringsformer

Høring etter kunnngjering

Alle innbyggjarar har høve til å kome med skriftleg uttale om det dei meiner er viktig at politikarane tek omsyn til.

Innbyggjarundersøking

Kommunestyret har vedteke at 300 personar skal høyrast. Spørsmåla ligg på heimesida til kommunen. Ta godt i mot dei som ringer og nytt høvet til å gi ditt innspel.

Rådgvende folkerøysting

Røysterettsalderen er sett til 16 år (alle som er fødte i år 2000 eller tidlegare).

Førehandsrøysting i heimen

For den som ikkje kjem seg til røystelokalet vil det vere mogleg med røysting heimanfrå i førehandsrøystingsperioden. Ta kontakt med Skodje kommune på tlf. 70 24 40 00 for å gjere avtale.

Kva er det forhandla om?

Kommunereforma set søkelys på at det offentlege står framfor utfordringar som stiller større krav til kommunane. I arbeidet med intensjonsavtalen har partane drøfta, og vorte sams om, felles prinsipp for korleis dei best kan løyse spørsmål innafor arealplanlegging, kollektivløysingar, samferdsle, lokaldemokrati, tenester og økonomi.

Tidsaspekt

- Innan 1. juli 2016 skal kommunane ha bestemt seg for om dei skal slå seg saman.
- Fylkesmannen skal godkjenne kommunane sine avtalar.
- Sommaren 2017 skal nasjonale vedtak om ny kommunestruktur vere fatta.
- Det blir kommunestyreval hausten 2019.
- Kommunesamanslåingane trer i kraft 1. januar 2020.

Intensjonsavtalane og annan informasjon finn du på skodje.kommune.no, eller ved å ringe 70 24 40 00.

Førehandsrøysting frå andre kommunar eller utanriks

For dei som er folkeregistrerte i Skodje kommune, men busett andre stader i Noreg, eller oppheld seg utanriks, og som ikkje har høve til å førehandsrøyste eller delta på røystedagen kan røyste via brevpost. Frå 25. april 2016 er det lagt ut informasjon på nettsidene til kommunen om framgangsmåte for brevørøysting.

Røystesetlar

Skodje kommunestyre har i møte 6. april 2016 i sak 40/2016 vedteke at røystesetlane som skal nyttast skal ha følgjande alternativ:

1. Eg ønskjer at Skodje kommune skal inngå avtale om kommunesamanslåing med kommunane i «Ålesund kommune»
2. Eg ønskjer at Skodje kommune skal inngå avtale om kommunesamanslåing med kommunane i «Storfjord kommune»
3. Blank røystesetel

Storfjord kommune – samandrag av intensjonsavtalen

Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal har som mål å slå seg saman for å etablere ein livskraftig kommune der alle arbeider saman for å utvikle attraktive og gode lokalsamfunn. Kommunen skal ha framtidsette tenester til det beste for den enkelte innbyggjar og næringslivet.

Demokrati

Storfjord kommune skal arbeide for eit sterkt lokaldemokrati med god representasjon frå heile kommunen med brei politisk deltaking.

Den nye kommunen skal organiserast etter formannskapsmodell. Kommunestyret er det overordna politiske organet i kommunen. For å sikre heilskaplege og likeverdige tenester, skal det etablerast hovudutval som svarar til dei kommunale fagområda.

Kommunen skal stimulere til aktiv lokaldemokratisk medverknad også mellom vala, ved mellom anna å ta i bruk nye møteformer og digitale verktøy.

Tenesteutøving

Administrasjonsstaden skal leggest til Sjøholt og her vil den politiske og administrative leinga vere plassert.

Kommunen skal gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane i den nye kommunen.

Det er eit mål å styrke fagmiljø, og ha ein desentralisert struktur – eventuelt gjennom mobile løysingar. Dette kan td. gjelde: kulturskule, bibliotek og helse-tenester.

Den nye kommunen skal ha som mål å løyse flest mogleg av dei kommunale oppgåvene sjølv, men vil framleis vere avhengig av interkommunale samarbeid for å levere nokre av tenestene. Fellesnemnda får i oppdrag å vurdere kva for teneste ein kan handtere innanfor den nye kommunen.

Digitale løysingar skal vere fyrstevalet for Storfjord kommune. Ambisjonen er å gjere medverknad mellom kommune, innbyggjar og næringsliv enklare.

Samfunnsutvikling

Storfjord kommune skal ha ei overordna samfunns- og arealplanlegging som legg til rette for utvikling i heile kommunen. Det skal også leggest vekt på plan-samarbeid med nabokommunar.

Kommunen vil utvikle og skape felles identitet, utvikle attraktive buområde, styrke næringsutvikling og ha ein god infrastruktur internt og eksternt. Difor vil kommunen arbeide for raskast mogleg realisering av samferdsleprosjekt som knyter kommunen og omlandet saman.

Økonomi

Prinsippet som vert lagt til grunn er at alle kommunar går inn i den nye kommunen som dei er, og legg i potten det dei har.

Den nye kommunen skal harmonisere skatter og avgifter, og utnytte inntekts-potensialet gjennom til dømes eige-domsskatt.

Alt frå hausten 2016 skal ein starte å tilpasse seg ein felles økonomiplan-prosess for å bygge den nye kommunen.

Storfjord kommune vil:

- Ha ei open forvaltning med høg etisk-standard
- Ta vare på den enkelte innbyggjar sin rettstryggleik gjennom kompetent og profesjonell sakshandsaming
- Legge til rette for næringsutvikling og attraktive buområde i heile kommunen
- Arbeide for E39 Møreaksen med trasé K2 over Ørskogfjellet
- Prioritere Børdalslinja og Storfjord-sambandet
- Arbeide for styrking av kollektivtransporten, for å redusere bilbruken
- Delta aktivt i plansamarbeid med Ålesundsregionen.
- Støtte frivillig innsats



Storfjord kommune

Folketal:	9 478
Areal:	1 440 km ²
Kommunestyre-representantar:	27
Administrasjons-stad:	Sjøholt
Målform:	Nynorsk

Regionkommune Ålesund – samandrag av intensjonsavtalen

Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet

Visjonen til regionkommune Ålesund bygger på lokalt mangfald og skapar-kraft.

Kommunane som vil bygge ein ny kommune er ulike, men likeverdige. Regionkommune Ålesund skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i den einskilde kommune sin styrke og særpreg.

Demokrati

Regionkommune Ålesund skal vere organisert etter formannskapsmodellen. Kommunestyret skal vere det overordna politiske organet i kommunen. Den politiske organiseringa skal sikre heilskapleg planlegging og lokal medverknad på kommunedelnivå. For å styrke nærdemokratiet, vil kommunen ha kommunedelutval. Kommunedelutvala dekkjer eit geografisk område som svarer til dei gamle kommunegrensene, med unntak av Ålesund, som kan ha fleire utval.

Utvala skal ha delegert mynde og budsjettansvar på avgrensa område innanfor det geografiske området dei dekkjer. Utvala kan sjølv ta initiativ til saker og vere rådgivande for politiske organ. Kommunedelane kan sjølve etablere ulike ordningar for dialog med innbyggjarane.

Den nye kommunen skal ha særleg fokus på digitale plattformer som hjelpemiddel for innbyggjarinvolvering. Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati i den nye kommunen.

Samfunnsutvikling

Regionkommune Ålesund skal bygge opp under næringsutvikling, samferdsel, verdiskaping og innovasjon.

Regionkommune Ålesund skal sikre ei samordna planlegging for utvikling med tanke på både byutvikling og generell tettstadutvikling, og dei involverte kommunane vil så tidleg som mogleg starte arbeidet med ein felles planstrategi med mål om å harmonisere arbeidet.

Tenesteutøving

Rådhuset skal leggest til Ålesund sentrum. Her skal ordførar, rådmann og andre funksjonar nært knytt til rådmannen, ligge.

Dei kommunale tenestene skal vere nær brukarane. Regionkommune Ålesund skal fordele ansvaret for fagmiljø mellom dei tidligare kommunesentra for å samle fagmiljøa, samtidig som alle kommunedel-sentra får viktige kompetansesarbeids-plassar og eit ansvar for å forvalte desse for heile kommunen.

Barnehage, SFO, skule, kulturskule, eldreomsorg, legesenter, bibliotek, service-torg, symjebasseng og andre basistjenester skal i hovudsak vere plassert som i dag.

Organiseringa av kommunen skal gje gevinstar gjennom å arbeide effektivt.

Økonomi

Det er eit mål at økonomien i region-kommune Ålesund skal vere i balanse og vere solid i eit langsiktig perspektiv. Kommunen må sikre seg eit forsvarleg økonomisk handlingsrom for å sikre gode tenester til innbyggjarane i framtida.

Alt frå hausten 2016 skal kommunane starte å nærme seg ein felles økonomiplanprosess med tanke på den nye kommunen.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd og finansierte i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i regionkommune Ålesund sine budsjett- og økonomiplanar.

Prinsippet som blir lagt til grunn er at alle kommunar går inn i den nye kommunen som dei er, og legg i potten det dei har.

Regionkommune Ålesund vil arbeide for:

- At regionen skal bli ein attraktiv kvar-dagsregion for innbyggjarane i dag og i framtida, i samarbeid med andre samfunnsaktørar.
- Å vere sterkare motvekt mot sentralise-ring til dei store landsdels-sentra som Oslo, Bergen og Trondheim.
- Ein miljøstrategi i samsvar med det grønne skiftet.
- Ein folkehelsestrategi i tråd med framtida sine utfordringar.
- Samferdselsprosjekt som medverkar til å binde saman regionkommune Ålesund vil bli prioritert.
- At næringsklynger skal vidareutviklast.
- At Ålesund sjukehus skal ivaretakast og vidareutviklast som det største sjukehu-set i fylket.
- At gevinstane vi får realisert gjennom stordriftsfordelar skal gå til å styrke tenestene og realisere visjonen for regionkommune Ålesund.




Ålesund kommune


Folketal:	93 223
Areal:	1 393 km ²
Kommunestyre-representantar:	77
Administrasjons-stad:	Ålesund sentrum
Målform:	Nynorsk

Nøkkeltal frå KOSTRA 2014


Netto driftsutg. til administrasjon og styring (kr pr. innbyggjar pr. år)




Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Netto lånegjeld pr. innbyggjar (tal i heile 1000 kr)



Årsgebyr vatn/avløp/renovasjon (kr pr. år)



Brutto driftsutg. pr. barn i barnehage og pr. elev i grunnskulen (i heile 1 000 kr pr. år)



Brutto driftsutg. heimetenester og institusjon helse/omsorg (tal i heile 1 000 kr pr. år)

